



## Statens vegvesen

Radøy kommune  
Radøyvegen 1690  
5936 MANGER

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/innvalnsnr:  
Ingelin Garen - 55516345

Vår referanse:  
2014/129882-002

Dykkar referanse:

Vår dato:  
27.11.2014

### **Kulturminneplan - melding om oppstart av planarbeid og høyring av framlegg til planprogram - Radøy kommune - Uttale.**

Vi syner til melding om oppstart av planarbeid for kulturminneplan for Radøy kommune og høyring av framlegg til planprogram med merknadsfrist 02.12.2014.

Målet med kulturminneplanen er at den skal

- Setja kulturminnevern på dagsordenen
- Skapa eit godt grunnlag for ei heilskapleg kulturminneforvaltning ved at den vert nytta i all arealplanlegging og byggesakshandsaming
- Skapa føreseielege tilhøve for eigarar av kulturminne i Radøy kommune.
- Auka kunnskapen om og interessa for kulturminne i Radøy
- Synleggjere potensiale for bruk av kulturminne til næringsfremål.

Kulturminner og kulturmiljø knytt til statens verksemd representerer sentrale kjelder til historia om utviklinga av det norske samfunnet, og i tråd med den nasjonale kulturminnepolitikken har etaten sektoransvar for å ta vare på kulturminne som angår veg og vegtransport. I Statens vegvesen vert dette ivareteke lokalt av regiona og sentralt av Vegdirektoratet ved Miljøseksjonen og Norsk vegmuseum. Museumsarbeidet i Statens vegvesen omfattar m.a. lause kulturminner (gjenstandar), faste kulturminner (veger og bruer), munnlege minne om vegen og vegvesenets historie, vegfolk og vegbrukarar, privatarkiv film og foto i alle format.

Statens vegvesen har m.a. utarbeida Nasjonal verneplan som er ein verneplan for veger, bruer og vegrelaterte kulturminne, i form av vegmiljø og enkeltobjekt. Verneplanen omfattar vegminne som har vore i statens eige eller bruk og som er frå etter 1537. Tidskille på 1537 er sett i høve Kulturminnelova § 4 som gjev alle kulturminner eldre enn 1537 automatisk freding.

Arbeidet med kulturminneplanen vil mellom anna bestå i å registrera og kartleggja kulturminne i kommunen. Dette er positivt. Statens vegvesen legg til grunn at også tilhøve knytt til vegrelaterte kulturminne vil bli ivareteke i arbeidet med kulturminneplanen.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 Leikanger

Telefon: 02030  
Telefaks: 57 65 59 86  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Spelhaugen 12  
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap


9815 Vadsø  
Telefon: 78 94 15 50  
Telefaks: 78 95 33 52

Statens vegvesen har ingen merknader til oppstartsmeldinga.

Plan og forvaltning - Bergen  
Med helsing

*Sindre Lillebø*

Sindre Lillebø  
Seksjonsleiar

  
Ingelin Garen

Kopi: Hordaland Fylkeskommune  
Fylkesmannen i Hordaland